



NAV kontor i Møre og Romsdal

## Invitasjon til grunnkurs i økonomisk rådgiving/gjeldsrådgiving

**Stad: Thon Hotel Kristiansund**

**Dato: 19. – 20. september 2016**

### Føremål og målgruppe:

Arbeids og velferdsdirektoratet har gitt Fylkesmannen i oppdrag å bistå kommunane med å styrke kompetansen til økonomi- og gjeldsrådgivarar. Økonomisk rådgiving-/gjeldsrådgiving, jf. sosialtenestelova § 17, er ein del av kjerneoppgåvene til NAV og spelar ei viktig rolle som eit av fleire tiltak ovanfor den einskilde for å kunne overvinne ein vanskeleg situasjon.

Kurset rettar seg primært mot vegleiarar som har økonomi- og gjeldsrådgjevingsoppgåver etter lov om sosiale tenester § 17.

### Føredragshaldarar begge dagar:

Rådgivar Inger-Helen Søggen frå Fylkesmannen i Hordaland og juridisk direktør Hanne Riksheim i Lindorff.

### Praktiske opplysningar:

Kurset er gratis, Fylkesmannen dekkjer alle måltid dei 2 dagane og overnatting for dei som har over 1 time reise kvar veg. Reisekostnader og behov for evt. ekstra overnatting dekkast av den einskilde sin arbeidsgivar. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er Miljøfyrtårn og vi oppmodar dei som har høve til det om å nytte kollektivtransport. Det er sett ei grense på maksimalt 60 deltakarar. Dersom det blir for mange påmeldte, vil fylkesmannen ta kontakt med dykk og gjere ei prioritering.

### Kursmateriell:

Blir sendt elektronisk om lag ei veke før kurset. Dersom de vil ha det i papirutgåve, må de skrive det ut sjølv.

**Elektronisk bindande påmelding innan 19. august 2016 på [Fylkesmannens heimeside](#).**

Spørsmål om påmeldingsskjemaet kan rettast til e-post: [fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no), tlf. 71 25 84 09 eller 71 25 85 05.

For nærare informasjon om kurset kan du ta kontakt med:

Rådgivar Kjell Iversen. E-post [fmmrkjiv@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkjiv@fylkesmannen.no) tlf. 71 25 85 29.

Med helsing  
Kjell Iversen  
rådgivar

Oddhild Johnsen  
fagkoordinator/seniorrådgivar

Vedlegg: Program på neste side

# **Grunnkurs i økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving**

## **Kristiansund**

### **19-20. september 2016**

#### Måndag 19. september:

- Kl. 10.00 – 10.15: Velkomen
- Kl. 10.15 – 12.00: Generelt om økonomisk rådgjeving
- Kva er økonomisk rådgjeving?
  - Roller
  - Tilhøvet til gjeldsordningsloven
- Kl. 12.00 – 13.00: Lunsj
- Kl. 13.00 – 13.45: Summeoppgåve med gjennomgong
- Kl. 14.00 – 16.30: Gjeldskravets gong
- Inkasso
  - Utlegg
  - Særnamsmenn
  - Prioritet
- Kl. 16.45 – 17.30: Summeoppgåve med gjennomgong
- Kl. 19:00: Middag

#### Tysdag 20. september:

- Kl. 09.00 – 11.00: Sakshandsaming og metode
- Dei ulike fasene
- Kl. 11.15 – 12.00: Om tenesta økonomisk rådgjeving
- Vedtak etter sosialtenestelova § 17
  - Retten til tenesta
- Kl. 12.00 – 13.00: Lunsj
- Kl. 13.00 – 13.30: Forts. om tenesta...
- Kravet om forsvarleg teneste
- Kl. 13.45 – 15.15: Gjeldsordningslova
- Formålet til lova
  - Vilkår
  - Problemstillingar knytt til lova

*Vi tek atterhald om endringar i programmet.  
Pausar vert tekne når det trengs.*